



Austrheim kommune,
Kommunehuset,
5943 AUSTRHEIM

Vår dato:

01.06.2023

Vår ref:

2023/936

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Austrheim kommune - budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026

Austrheim kommunestyre har i møtet 15.12.2022, sak 093/22, handsama og vedteke budsjett 2023 og økonomiplan for 2023-2026. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis vi vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Oppsummering

Kommunen sitt disposisjonsfond bør bli opparbeidd til eit høgare nivå for å ha større driftsreserve. Fondet bør bli opparbeidd til mellom kr 35 mill. og kr 40 mill., basert på noverande inntektsnivå. Det var eit lågt netto driftsoverskot i 2022. Det er viktig at kommunen får høgare netto driftsoverskot for å opparbeide større disposisjonsfond.

Det er også viktig å ha høgare netto driftsoverskot med sikte på planlagt investering i nytt senter for helse og omsorg. Kommunen vil få auke i kapitalutgiftene som følgje av denne investeringa. Det må på denne bakgrunn vere ei målsetjing at netto driftsoverskot er minst 3,0 prosent av driftsinntektene.

Kommunen kan få inntekter frå sal av tomter. Vi rår kommunen til å setje desse midlane av på fond til særskilt til finansiering av den planlagde investeringa i nytt senter for helse og omsorg. Målsetjinga må vere å kunne gjennomføre den planlagde investeringa utan at lånepoptaket blir for stort.

Budsjett 2023

I rekneskapen for 2022 er det eit netto driftsoverskot med kr 2,7 mill. Det utgjer 0,9 prosent av driftsinntektene i 2022. Netto driftsoverskot er sett av til disposisjonsfond og til bundne driftsfond.



Netto driftsoverskot i budsjettet for 2023 er kr 2,6 mill. Det utgjer 0,9 prosent av driftsinntektene. Netto driftsoverskot er planlagt sett av til å styrke disposisjonsfondet.

Kommunen har budsjettet med kr 108 684 000,- i skatt på eige og inntekt for 2023. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettet med til saman kr 217,5 mill. Inntektsprognosene for 2023 er oppdatert med innkomsten skatt i 2022 og folketall per 1.1.2023. Budsjettet inntekter er ikkje for høge samanlikna med den siste prognosene.

Det er budsjettet med kr 13,0 mill. i eigedomsskatt for 2023. Innkommen eigedomsskatt i 2022 var også om lag kr 13,0 mill. Det er budsjettet med utbytte kr 3,5 mill. i 2023. Utbyttet i år er ikkje budsjettet for høgt.

Det er budsjettet med kr 8,5 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Budsjettet avdrag oppfyller minimumskravet i kommunelova.

I 2023 er det budsjettet med brutto investeringar for til saman kr 36,35 mill. Ein stor del av dei planlagde investeringane i år er i skulestrukturen, kr 20,0 mill. Av brutto investeringar utgjer sjølvkostinvesteringar innan VA-sektoren kr 13,2 mill. Investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med låneopptak. Ein mindre del av investeringane blir finansierte med momskompensasjon og sal av driftsmidlar.

Det er i år budsjettet med kr 10,0 mill. i opptak av startlån til vidare utlån.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2022 var kr 276 mill. Det utgjer 87,3 prosent av sum driftsinntekter i 2022. Lånegjelda var til same tid om lag kr 96 800,- per innbyggjar. I brutto lånegjeld inngår også startlån til vidare utlån og lån til VA-investeringar, finansierte med gebyrinntekter.

Kommunen sitt disposisjonsfond var kr 16,2 mill. ved utgangen av 2022. Det utgjer 5,1 prosent av driftsinntektene i 2022.

Økonomiplan 2023 - 2026

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løvningar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I økonomiplanperioden er det lagt opp til netto driftsoverskot på om lag 0,9 prosent av driftsinntektene i åra 2023, 2025 og 2026. For 2024 er det lagt opp til eit noko høgare netto driftsoverskot, 1,4 prosent av driftsinntektene.

Det er lagt til grunn ei samla ramme på kr 45 mill. til oppgradering av skulane, fordelt med kr 25 mill. i 2022 og kr 20 mill. i 2023. Oppgraderinga i 2022 vart finansiert med sal av bustader til Austrheim Kommunale Eigedomsselskap. Kr 20 mill. i år til oppgradering av skular blir finansiert med låneopptak. Det er lagt opp til investering i omsorgsbustader (ROP-bustader) på kr 7,0 mill. Målsetjinga er at bustadene skal stå ferdige i første halvdel av 2024.

Det er planlagt ei stor investering i nytt senter for helse og omsorg, med oppstart av bygging i



2026. Det er ikkje planlagt andre større investeringar i planperioden før den planlagde investeringa i nytt senter for helse- og omsorg frå 2026.

Det er pårekna at brutto lånegjeld kjem til å auke i 2023, som følgje av at oppgraderinga av skulane i år blir lånefinansiert. Utviklinga i lånegjeld er pårekna å gå svakt ned i dei neste par åra. I 2026 er det pårekna ein vesentleg gjeldsauke som følgje av oppstart av investering i nytt senter for helse og omsorg.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid.

Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal: (i prosent av driftsinntekter)

- Netto driftsresultat: Minimum 3,0 prosent. Mål 3,5 prosent
- Disposisjonsfond: Minimum 10 prosent. Mål 13 prosent
- Netto lånegjeld: Maksimalt 85 prosent

Statsforvaltaren sine vurderingar

Disposisjonsfondet var kr 16,2 mill. ved utgangen av 2022, eller 5,1 prosent av driftsinntektene i 2022. Det er viktig at disposisjonsfondet blir opparbeidd ytterlegare slik at kommunen får større driftsreserve. Disposisjonsfondet må bli bygd opp av midlar frå netto driftsoverskot, ikkje frå sal av eideidom eller liknande. Kommunen sitt disposisjonsfond bør bli opparbeidd til mellom kr 35 mill. og kr 40 mill., basert på noverande inntektsnivå.

Netto driftsresultat i 2022 var berre 0,9 prosent av driftsinntektene. Det var eit lågt netto driftsoverskot, særleg på bakgrunn av høg skattevekst i fjar. I økonomiplanperioden er pårekna netto driftsoverskot på eit lågt nivå i heile planperioden. Det har blant anna samanheng med stor vekst i renteutgiftene.

Det er viktig at kommunen får høgare netto driftsoverskot for å opparbeide større disposisjonsfond. Høgare netto driftsoverskot er også viktig med sikte på planlagt investering i nytt senter for helse og omsorg. Ei slik omfattande investering må delvis bli lånefinansiert og vil føre til større rente- og avdragsutgifter. Det må på denne bakgrunn vere ei målsetjing at netto driftsresultat er minst 3,0 prosent av driftsinntektene.

Kommunen kan få inntekter frå sal av tomter. Desse inntektene kan ikkje nyttast til driftsføremål, men må setjast av på investeringsfond. Vi rår kommunen til å setje desse midlane av på fond særskilt til finansiering av den planlagde investeringa i nytt senter for helse og omsorg. Målsetjinga må vere å kunne gjennomføre denne investeringa utan at låneopptak og lånegjelda blir for stor.



Kommunen vil få den økonomiske belastninga av investeringa, uavhengig av om det blir valt alternative løysingar for eigarskap.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent